Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.  Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Bjerkreim

Emne: Jületre og jülehalm  Bygdelag: Øvre bygdi

Oppskr. av: J. Austrumdal  Gard: Austrumdal

(adresse): Vikeså  G.nr. 22  Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) I dei siste 40 åri hev det vore vanlegt.

2) Akurat året det fyrste treet var brukt forer eg ikkje segja, men fyre 1890 var det ikkje.

3) Dei fyrste jületrei hadde dei i heimen. Skikken kom frå Stavanger, og det gjekk lenge fyrr jületre vart brukt på festar. I kyrkja hev det aldri vore brukt. Dei fyrste festar der jületre vart brukt var barnefestar i skülehuset. No er jületrefestar heilt vanlege for vaksne og.

4) Ukjennt.

5) Det er ikkje vanlegt, men sume kjøper ymse papirpynt (ananeskin-lykter) og henger upp på bersynte stader.

6) Storleiken på treet varierer anykje frå eit lite ½ meters til eit so stort at det må stå på golvet. Dei store trei vert meir og meir sjelsynte i stovorne.

7.) Frå fyrst av var det berre ljos og eindel heimelaga papirpynt. No er det altslags tenkeleg glitrepynt.

8). Det er dei vaksne som pyntar

4209

2

9) Dei små stend på bordet, dei millomstore på ein krakk, dei store på galvet.
10) Ljosi vert kveikt jolefta og båe juledagarna ūm kvelden. Dette er det vanlege, men på denne regelen er det sjölvsagt ūndantak.

11) Der det er fleire born gjeng dei ūm treet og syng jolesongar, og er grannane (folket på garden) innbedne, so er skikken den at dei gjeng kring det kveikte treet og syng. Andre sit og syng, og sūme syng ikkje.

12) Regelen er til trettandagen, men sūme hev det ikkje lenger enn stragst yver nyttåret. Den elektriske varmen tūrker treet so nålene dryss av.
13) Det er dei vaksne som lek med stasen, men du veit borni lyt få vera med.
Kva dei kallar dette arbeidet? Dei brūkar stygge nemningar og segjer at dei ribba treet og kastar det ūt

14) Granplantningarne hev no vakse seg so store, at no er det helst grantre som vert nytta. Fūrūtre vert og nytta. Vakre būskfūrū-toppar vert og tekne til jóletre.
Resten ūkjennt.

4209

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING